



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato
15.9.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/6607 620
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale - NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling

Vi viser til høyringsbrev av 8. mai 2012 på NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling. Vår uttale vert berre gitt på e-post.

Fylkesmannen i Hordaland er i hovudsak positiv til utgreiinga som vi meiner gjer ei grundig drøfting av svært viktige problemstillingar. I det følgjande gir vi våre kommentarar til forslaget på enkelte punkt.

Kap 5 Hjelpetiltak

Fylkesmannen i Hordaland har blant anna gjennom våre tilsynsaktivitetar, sett at hjelpetiltak i ein-skildsaker kan gå over lang tid utan at det blir gjort ei god evaluering av om tiltaket faktisk fungerer. Vi er einige i at det er for tidleg å si noko om effekten av lovendringa i 2009 som pålegg evaluering av hjelpetiltak. Krav til skriftleggjing av evalueringa vil være nyttig. Vi konstaterer under tilsyn at evaluering i mange tilfelle er gjennomført utan at dette er skriftleggjort eller dokumentert. Krav til skriftlegheit vil dokumentere gjennomføring og sikre evaluering av gjennomgåande høgare kvalitet.

Fylkesmannen i Hordaland sluttar seg til forslaget om at hjelpetiltak i større grad skal kunne påleggjast. Både når det gjeld kompensierende, kontrollerande og omsorgsendrande tiltak, er vi einige i at det er grunnlag for å pålegge dette i større omfang. Vi er også einige i vurderingane når det gjeld beviskrav for å kunne pålegge slike tiltak. Når det gjeld saksgangen ved pålegg, trur vi det vil være fornuftig å legge opp til forenkling som foreslått. Den rådande oppfatninga i barneverntenestene, er at det er svært ressurskrevjande å fremme saker for fylkesnemnda. Ei forenkling som den framlagde vil vere til hjelp.

Kap 6 Omsorgsovertaking

Vår oppfatning er at tilknytningskvalitet må vere eit grunnleggande vurderingstema i alt barnevernsarbeid, og at samspelet mellom barn og omsorgspersonane må tilleggst avgjerande vekt ved avgjersler om bustad, samvær og tilbakeføring. Vi sluttar oss til at «barnets beste» må være overordna det biologiske prinsipp og mildaste inngreps prinsipp. Vi gir vidare vår tilslutning til at det vert innført eit nytt prinsipp ved vurderingar om omsorgsovertaking som skal ta utgangspunkt i barnet sitt behov for utviklingsstøttande tilknytning. Vi er einig i at prinsippet må gå foran det biologiske prinsippet når relasjonskvaliteten er til hinder for barnets utvikling. Vi møter ved våre tilsyn på institusjonane ungdommer som gir uttrykk for at omsorgsovertaking burde skjedd på eit

tidlegare tidspunkt. Etter vår oppfatning vil ei innføring av eit prinsipp som det framlagde, kunne gi barneverntenesta høve til å gripe inn tidlegare.

Når det gjeld oppnevning av sakkyndige for vurdering av framtidig omsorgsovertaking, meiner vi at krav til dette i ein del saker vil kunne medføre unødvendig tidsbruk fordi mange barneverntenester vil inneha nødvendig kompetanse til sjølv å gjere slik utgreiing. Det bør likevel innførast eit krav om at slik vurdering blir føreteke av kvalifisert personell.

Kap 7 Om bustad etter plassering utanfor heimen

Fylkesmannen støtter forslaget om at vedtak om godkjenning av fosterheim skal grunngjevast, og at skjønnsutøvinga blir gjenstand for kontroll. Fylkesmannen er av den oppfatninga at dette vil styrke rettstryggleiken til barnet.

Fylkesmannen har lang erfaring med tilsyn på barnevernområdet. Det kan vere fornuftig å utnytte denne erfaringa i samband med tilsyn med barn plassert i fosterheimar. Vi er likevel samd med dei vurderingar som er gjort i høyring av 5. september 2012 om forslag til endringar i barnevernlova, og meiner at ansvaret for gjennomføring av tilsyna kan ligge til den einskilde kommune.

Kap 12 Oppfølging av foreldre som har barn plassert utanfor heimen

Barneverntenesta sitt oppfølgingsansvar overfor foreldra går fram av barnevernlova. Spørsmål om oppretting av særskilt støtteperson som skal være uavhengig av barneverntenesta, må etter vårt syn utgreiast nærmare.

Kap 13 Rettigheitsfesting av barnevernlova

Fylkesmannen støtter framlegget om å gjere barnevernlova til ein rettigheitslov. Det er etter vårt syn viktig at det vert gjort for å styrke rettstryggleiken til barna. Deira interesser i barnevernssaker er ikkje nødvendigvis samanfallande med andre parter sine interesser i sakene.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Øystein B Jacobsen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.